



TUSSA

Trond Ryslett
6110 Austefjorden

TUSSA NETT AS

Dragsund, 6080 Gurskøy
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: tussa.nett@tussa.no
Internett: www.tussa.no
Bankkonto.: 6562 05 14580
NO 976 795 423 MVA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
NN/AKG

Journal-/arkivnr.:
TN 00131 -/65 TFK 08
650 – Minikraftverk

Dato:
03.03.04

Tenneelva kraftverk AS – tilknytning til Tussa Nett sitt 20 kV-nett

Vi viser til Dykkar brev av 12.11.03 og til seinare telefonsamtale vedkomande tilknytning av nytt kraftverk i Nordalen i Syvde.

Vi har no gjort utrekningar for å vurdere nettkapasiteten vår ved innmating av 2,5 MW frå ovannemnde kraftverk. I alle utrekningane har vi teke omsyn til full produksjon i Tussa Energi sine eksisterande kraftstasjonar på Vedeld og Dale.

20 kV nett i området har kapasitet til å ta i mot 2,5 MW frå Tenneelva kraftstasjon, men 66/22 kV transformatoren i Åmela er allereie 100 % utnytt. Dersom vi skal kunne ta i mot produksjonen frå Tenneelva må denne transformatoren skiftast og Tenneelva kraftverk AS må vere med på å koste dette.

Grunna produksjonen i Tenneelva kraftverk må transformatoren på 7 MVA skiftast til 10 MVA. Ein 10 MVA transformator kostar vel 1,6 mill. kr. Av dette må Tenneelva kraftverk betale eit anleggsbidrag på om lag 350 000 kr. Då det også er planlagt eit større kraftverk i Steinsvika vil den nye transformatoren i Åmela truleg verte på 20 MVA. Dersom Steinsvik kraftverk vert bygd vil Tenneelva kraftverk sitt anleggsbidrag til ny transformator i Åmela gå ned til om lag 250 000 kr. Tala over baserar seg på at eksisterande traforom i Åmela er stort nok til å rome ein større trafo utan bygningsmessige endringar. Dersom vi må gjere bygningsmessige endringar vil kostnadane til skifte av transformator verte monaleg større enn skissert over.

Med vennleg helsing
TUSSA NETT AS


Norleif Nordal
Fagsjef distribusjonsnett
Nettforvaltar